

Barneverntenesta i kommunen
Ved leiar

Dykkar ref: Vår ref: 2022/51930 Arkivkode: 07 Dato: 06.04.2022

Invitasjon til heildagsseminar i Førde den 24.05.2022 eller Bergen den 08.11.2022

Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet inviterer alle som jobbar i barnevernet i Vestland fylke til heildagsseminar i Førde eller Bergen.

Seminaret blir skipa av avdeling for internasjonale tenester og gjeld barnevern over landegrensar, mindreårige offer for menneskehandel og forlatne barn i utlandet. Målgruppa er leiarar og sakshandsamarar i barneverntenesta. På lenka under kan de lese meir om det faglege innhaldet og melde dykk på.

<https://egencia.qondor.com/ParticipantWeb/Registration/109951>

Denne meldinga går einast ut til deg som er barnevernleiar eller kontaktperson i kommunen, og vi ber derfor om at du sender lenka vidare til aktuelle deltakarar på seminaret. Det er individuell påmelding, det betyr at alle deltakarane må registrere seg. Seminaret er gratis og inkluderer lunsj.

For å sikre kortast mogleg reiseveg skipar vi det same seminaret i Førde tysdag 24.05.2022 og i Bergen tysdag 08.11.2022.

Ta gjerne kontakt med oss dersom de har spørsmål om seminaret, eller dersom de ønskjer å melde inn spørsmål til dei faglege temaa på førehand.

Kontaktperson er Vilde Refnin Jordbakke, som de kan få tak i på telefon 482 96 268 eller på e-post vilderefnin.jordbakke@bufdir.no.

Vi ser fram til å sjå dykk på seminar!

Med helsing

Vilde Refnin Jordbakke
rådgjevar

Eivind Rydland
rådgjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje handskriven signatur.